



Ivar Gundersen har venta lengje på byggestart i Nedre Halsabrotet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye handsamingsrunden om reguleringsplanen for Nedre Halsabrotet er i gang og oppsittarar i området har kome med merknadar.

Dei meiner at tremannsbustaden bør endrast til tomannsbustader og at husa bør ha valmtak. Grunneigaren har tidlegare gått ut med at han skal byggja 10 bueiningar i tomannsbustader, påpeikar oppsittarar.

Dei har fått teikning på 11 bueiningar, men på teikningen kan dei ikkje sjå kor høge husa blir.

Dei kjem med eventuelle nye merknadar på høgda viss den blir endra i høve til tidlegare beslutningar.